

HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENTET
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

Att. Katrine Elida Aaland

Dykkar ref.: 24/1753
Vår ref.: 2024/461 - 6315/2024

Saksbehandlar:
Gina Beate Holsen

Dato:
05.06.2024

Høyring om endringar av nivåkrav - opptaksforskrifta og PPU-forskrifta

Helse Vest takker for invitasjonen til å gi innspel til endring av nivåkrav.

Nivåkrav for sjukepleiarutdanninga blei innført for nokre år tilbake. Formålet var å auke gjennomføringa i utdanninga og å gi betre yrkeskvalitet for sjukepleiarar. Omsynet til pasienttryggleik var òg sentralt.

Departementet si vurdering er at det er lite som tyder på at innføring av opptakskrava har ført til betre gjennomføring/fullføring for studentar som blir tatt opp til studiet eller kvalitet i tenesta. Departementet peikar også på at det er uklart om nivåkrava har bidratt til auka pasienttryggleik.

Helse Vest støttar at dette er vektige argument for å fjerne nivåkravet. Endringa skal heller ikkje påverke eller redusere kravet til sluttkompetanse, verken frå utdanningsinstitusjonane eller vurderingane av oppnådde læringsmål og læringsutbytte frå hovudpraksisperiodane i spesialisthelsetenesta eller primærhelsetenesta.

Eit anna argument for å fjerne nivåkravet er at dagens karakterkrav svekker prinsippet om generell studiekompetanse som opptakskrav, at det kan hindre utdanningsinstitusjonane i å ta opp og nytte tal studieplassar, og ikkje minst at søkjarane må bruke tid på å forbetre karakterar frå vidaregåande skule. Læringsmodning kan vere heilt forskjellig frå då ein gjekk ut av vidaregåande skule. Skal prinsippet om livslang læring vere aktivt, må det være mogleg for at dei som er motiverte og har vilje til å tileigna seg det som ligg i utdanninga, får moglegheit til det. Sjukepleiarutdanninga har vist at dei som har blitt sjukepleiarar gjennom generasjonar, uavhengig av opptakskrava har bidratt til at Noreg har ei av verdas beste helsetenester. Slik vi vurderer det, kan ikkje dette tilskrивast tida etter at karakterkrava blei innført.

Helse Vest har saman med samarbeidsorganet for utdanning satt gjennomføring av praksisperiodane på dagsorden.

Det skal gis støtte til studentane og dei som gir dagleg rettleiing midtvegs og sluttvurdering slik at og utdanningsinstitusjonane kan utøve sitt ansvar gjennom praksisperiodane. Vi har også avklart korleis vi skal følgje opp dei studentane som må ha særleg oppfølging frå utdanningsinstitusjonane. Det er lagt til grunn at studentar uavhengig av opptakskrav eller andre føresetnadar ikkje skal utgjere ein risiko for kvalitet, pasienttryggleik eller HMS i einingane. Vi meiner dette også er tiltak som skal bidra til trygg og god utdanning, og at studentar får den sluttkompetansen dei skal ha.

Det er lite som tyder på at vi oppnår betre kvalitet ved hjelp av å stille nivåkrav.

Oppsummert:

Helse Vest vil understreke at det er viktig at kravet til innhald og gjennomføringa av utdanninga blir oppretthaldt, slik at kvaliteten og sluttkompetansen til sjukepleiarane blir oppretthaldt. Vi nyttar og moglegheita til å peika på at helseføretaka si rolle i sluttvurderinga *må* vektleggast.

Forslaget er ei trinnvis endring frå studieopptaket 2024 - 2025. Utdanningsinstitusjonane kan ha lokale opptak for søkjarar som ikkje møter krava, dersom det er ledige studieplassar etter hovudopptaket. Dette inneber at vi allereie frå i år vil kunne få fleire studentar på sjukepleiarutdanninga, der det er mogleg. Ein kan etter vår vurdering ikkje ha ulike krav, til dømes er det innspel på at er det få søkjarar, kan ein søke unntak frå eventuelle opptakskrav. Vi meiner det må vere opptakskrav som står seg uavhengig av tal søkarar.

På bakgrunn av ovannemnde støtter Helse Vest forslaget til endringar av nivåkrav for bachelor sjukepleie i opptaksforskrifta.

Vennleg helsing

Hilde Christiansen

direktør medarbeidar, organisasjon og teknologi

Dokumentet er elektronisk godkjent av:Hilde Brit Christiansen direktør medarbeider, organisasjon og teknologi

Digital kommunikasjon

Vi har elektronisk saksbehandling og er opptekne av at informasjon, også underlagt teieplikt, skal kunne sendast på ein rask og sikker måte. Vi ber derfor om at eit eventuelt svar på denne førespurnaden blir sendt gjennom ein av desse kanalane:

- Privatpersonar og private verksemder: [eDialog](#)
- Offentlege verksemder: eFormidling (via eige saks-/arkivsystem)

Vedlegg:

- 1 Høring om endringer av nivåkrav - opptaksforskriften og PPU-forskriften